

Kortreist brensel til Ørsta Eldhus

Dei fleste stader i nærområdet veks lauvskogen raskare enn bøndene rekk å hogge ved. Attgroing truar landskapet, men Hans Peter Eidseflot veit råd.

- Ørsta Eldhus, som nyleg starta opp, treng 4-6.000 kubikkmeter trevirke årlig. Dersom fleire grunneigarar slår seg saman og bestiller inn hogstmaskiner, kan dei få brukt lauvskogen til noko og samtidig tene litt pengar på den, forklarar Eidseflot, som er leiar for Prosjekt Ørstaskogen.


Vil ha lokal flis

I Sundalen har tre grunneigarar gått saman og fått hogd ut eit område på 170 dekar. No ligg lauvskogen pent stabla i haugar, og der skal den liggje eit års tid.

- Ideelt sett skal trevirket liggje til tørt over ein sommar, men vi vil halde auge med haugane under tørkeprosessen og måle fukta, forklarar Eidseflot. Ørsta Eldhus er inne i sin fyrste driftssesong no, og det er eit ynskje frå verksemda at den skal basere seg på lokal skogsflis.

- Dette er bra, for skog det har vi nok av, slår Eidseflot fast. Han fortel at lite skog er hausta på våre kantar dei siste åra, noko som har ført til problem med attgroing.

- På denne måten har skogen blitt meir eit problem enn ein ressurs. No har vi sjansen til å gjere noko med det, seier han.



* Grunneigar Odd Harald Sundal og Hans Peter Eidseflot ved tørkeplassen i Sundalen. Tømmere skal ideelt sett liggje til tørt over ein sommar før det vert brukt til brensel.

To tørkeplassar

I desse dagar er det klargjort trevirke til Ørsta Eldhus ved to lokalitetar i Volda og Ørsta. I Follesstaddalen er det restane etter ein stor granskog som er lagt til tørt, medan grunneigarane i Sundalen har nytta høvet til å kvitte seg med store mengder lauvskog.

- I Follesstaddalen er det seks grunneigarar som samarbeider om hogsten, medan tre stykke samarbeider i Sundalen, fortel Eidseflot. For å få økonomi i salet er det ein føresetnad at fleire går saman, sidan teigane på nordvestlandet i hovudsak er ganske små. Eidseflot er glad for at Ørsta Eldhus kan nytte seg av lokalt trevirke, då

dette kan bidra til å halde landskapet ope og oversiktleg.


- Kvistdugane i Follesstaddalen har ein brennverdi som dekkjer behovet til 90 einebustader i eit heilt år, fortel han, og viser til at utan Ørsta Eldhus ville trevirket blitt liggjande att i naturen som kompost.

Samarbeid gir god økonomi

Det er Tussa som eig og driftar Ørsta Eldhus, medan Fjordane Bioenergi forsyrer anlegget med skogsflis. Dette firmaet har base i Stryn, og kjøper trevirket som bøndene no legg klart. Hogsten er organisert gjennom skogeigarforeininga Allskog.

- Bioenergi har vore mykje omtala dei seinare åra, og i Sverige er dei kome langt på dette området. Det har såleis vore skapt ein del forventningar til økonomien i prosjekta. Men skal ein skape god økonomi i salet av trevirke er ein avhengig av å gjere lure grep, forklarar Eidseflot. Han viser til at fleire grunneigarar bør gå saman for å få ned hogstkostnadene, og han høyrer gjerne frå skogeigarar som er interessert i å levere til dette føremålet. Det er ein føresetnad at tømmere er nokolunde lett tilgjengeleg.

✉ LIV JORUNN NYHAGEN



* På tørkeplassen i Sundalen ligg kring 700-1.000 kubikk lauvskog til tørt. Neste haust er det klart til levering. Når tømmere skal tørke vert det stabla i høge haugar, med rotenden mot vinden. Deretter vert det lagt dekkpapp over.

Kvinnelege artistar prydar nye frimerke

(NPK-NTB): Fire av dei fremste kvinnelege artistane våre prydar Postens frimerkeutgivingar i haust.

Dei fire er Wenche Myhre, Inger Lise Rypdal, Sissel Kyrkjebø og Mari Boine.

- Dei fire artistane vi har valt, er utan tvil verdige ei frimerkeutgiving. Dei står for lange og viktige karrierar og har vore ein viktig del av norsk populærmusikk gjennom ei årekkeje, seier direktør for frimerketenesta i Posten, Halvor Fasting.

Dei fire frimerke vart gitt ut fredag i eit opplag på 2.615.000 kvar. Dei har alle ein valør på 9 kroner.

Spanjolar må parkere Harleyen

(NPK): Rundt 5.000 motorsyklar av typen Harley-Davidson må takast av vegane i Spania på grunn av juks med EU-kontrollen hos fleire importørar.

Politiaksjonen gjeld brukte Harley-Davidson-syklar som er importert frå USA, og som skal ha fått godkjent-stempel utan å oppfylle krava. Det er nokre få importørar som skal ha omgått lovverket ved å få syklane godkjent hos private verkstader som har vore villige til å lukke auga for brot på spanske krav, skriv den britiske avisa The Guardian.

Harley-Davidson-entusiastar i Spania meiner det er motorsykelprodusenten sjølv som står bak, og at målet er å stoppe bruk-importen for å fremje salet av nye syklar i Spania. Det avviser Harley-Davidson sjølv på det mest bestemte.

- Dette har ingen ting med oss å gjere, seier ein talsmann for motorsykelprodusenten.

Dei som er råka av den spanske politiaksjonen, har no organisert seg og hyra advokat for å få halde fram å kjøre doningane sine i landet.

Spania er ein av dei største marknadene for Harleyar i Europa, men heller ikkje der er motorsyklane det ungdomsfenomenet dei ein gong var. No er det mest dei over førti som kjører Harley.

- På fritidsfronten er hovudkonkurransen vår motorbåt og golf, sa Harley-Davidson-direktør Rob Lindley i eit intervju med den spanske avisa El País nyleg.

Eliteserien mistar publikum

(NPK-NTB): Dei fleste storklubbene i norsk toppfotball opplever tilsikarsvikt. Rosenborg har mista nesten 2.000 i snitt sidan i fjor.

Serieleiar Molde opererer med eit snittbesøk på 9.726, ein solid oppgang. Dei tala som er oppgitt, er offisielle salstal. Det reelle besøket ligg ikkje sjeldan under, i enkelte tilfelle er avvika markante.

Dette er tala for dei fem mest sette laga i eliteserien i forhold til i fjor.

Molde +1.313

RBK -1.986

Viking -1.171

Brann -532

Vålerenga -61